



Notat

Dato: 17.03.2014
Arkivsak: 2014/12939-4
Saksbehandlar: milbert

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Mildrid Bertelsen

Ferjeflåten i Hordaland - alternative innkjøpsstrategiar - forslag i marstinget 2014

I møteboka frå fylkestinget sitt møte 11. mars 2014 er teke inn følgjande:

I samband med interpellasjonen frå Pål Kårbø sette **Terje Søviknes** på vegner av Frp, H, V, KrF, A, SV, Sp og MDG fram slikt oversendingsforslag b):

"Ein av fleire alternative innkjøpsstrategiar kan vera å dela ferjeamboda i to; ein del for den operative drifta av ferjesambanda og ein del for innleige av ferjemateriellet (lenger anbodsperiode)."

Søviknes sitt forslag b) vart samrøystes vedteke oversendt til fylkesrådmannen.